


FRAMSTEGET

DISKUSJONSBLAD FOR

AKP (m-l)

Nr 1

1979



Har du tenkt på at

(må) denne avisa?



Utan at du bruker ho,

vil ho ikke kunne leva. Har

du meiningen om korleis ho

kan vera, skriv til oss!

DS er så vidt starta opp med ein diskusjon om korleis arbeidet til partiet på staden har utvikla seg sidan i haust og om korleis DS har fungert til no. Vi meiner at den "gamle vinden" med for stor passivitet og for lite utadretta arbeid endå ikkje har snudd. Men likevel meiner vi at det er framgong å spora på ein del område: Internt er denne avisa komen i nokonlunde regelmessig drift som eit forum for å styrkja den politiske og ideologiske kampen. Den faglege leiinga på den største arbeidsplassen vi har medlemmar, er oppretta, om enn dei praktiske resultata endå ikkje tek til å syna seg nemneverdig.

Eksternt er KK-staben så smått komen i siget. Fast sal i sentrum kvar laurdag. Ein grunn-sirkel med 8 uavhengige går mot avslutning og vil om ikkje så alt for lenge bli basisen for ei ny avdeling, om utviklinga held fram som til no.

8. mars-arbeidet er komen igang og sig framover i ei gunstig retning. Dette er positive trekk ved arbeidet. Og ikkje minst viktig er det at desse døma syner at ein kan få bra resultat ved hjelp av at forholds-vis få kameratar konsentrerar kreftene om ein ting i slengen og arbeidar målbevisst og systematisk. "Alle skal ikkje gjere alt" og "Konsentrer


kreftene for å gjera gjennom-brot" er viktige retningslinjer for desse framgangane.

Men det er likevel grunn til å seia at retninga på "den gamle vinden" ikkje er snudd, men styrken har løya av, og ein del friske drag tyder på at eit veromslag kan koma om ikkje alt for lange.

Men kva må til frå vår side? Først og fremst må lage få gjort unna møta om S-politikken. Det at ting har vore uklart ikring denne saka, har fungert som ein bremsekloss på utviklinga. For det andre må kvar einaste kamerat i samarbeid med laget, peila seg ut ei hovudoppgåve, eit arbeidsfelt, som det bør arbeidast systematisk og målretta med. Det må bli slutt på stilen med at kameratar blir overlátne til seg sjølv utan å ha faste ting å arbeida med. Det tredje tiltaket er studiane og skuleringa som vart understreka i forrige leiar. (1/79) Ei uredde halning og eit stort sjølvstende med personleg initiativ kan berre koma som eit resultat av større kunnskaper og ei betre forståing for politikken. Sist, men ikkje minst, må årvåkenheita overfor DS sin funksjon skjerpast. Det er naudsynt at folk kjem med meir kritikk og idear. enn det som er tilfellet i dag. Sjølv om DS kan og må finna ut ein del om kva behov folk har, er det likevel naudsynt at medl. lærer seg ei meir aktiv haldning til DS sitt arbeid. Utviklinga av politikken og

utviklinga av partiet er kvar
einskild sitt ansvar-ikkje berre
DS sitt. Det er berre medlemmane
som gjennom sin eigen praksis
kan drive partiet si utvikling
framover.

Difor, kameratar: "Meir køl"!
Vinden skal snu!



Redaksjonelt!

Vi kan berre seie oss lei
for at avisa kjem altfor seint
ut denne gongen. Det skuldast
n.a. at dei fyrste innlegga
ikkje kom oss i hende før etter
"dead-line". Og det synte seg då
vi skulle gå igang med avisa
at vi mangla stensilar, og sommel
med å få fatt i desse førde til
at avisa diverre vert onlag 2
veker forseinka.

Det har vore ein del mis-
tydingar når det gjeld "dead-
line", men som tidlegare meldt,
er den fastsett til 25. i kvar
månad, og at avisa skal vera
ferdig til den fyrste inkvar mnd.

DEAD-LINE FOR NESTE NUM-
MER ER FASTSETT TIL 25. MARS.
SÅ DET SKULLE VERA GOD TID TIL
Å SKRIVE INNLEGG N.A. OM 1. MAI
OG VALET. TA PENNA FATT OG SKRIV!
VI TRENG DINE MEININGAR!

Red.

KORT OM "KK":

KK-staben har etter mykje om
og men fått samla seg til møte.
Resultatet vart at entusiasmen
steig nokre hakk og konkrete planar
vart lagde.

Laussal: Her ligg vi no på 20 som.
vert selde i sentrum kvar laurdag.

Abonnementsverving:

1: Vi kjem til å drive med fast
gratisutdeling til husstandane.
Truleg på det viset at folk får
avisa gratis ei veke, og så opp-
søker vi dei og diskutera avisa
med dei. Vi vil ta eit svært lite
område kvar veke (onlag 15 stk)
og finansiera avisene sjølve
(kostpris 50 øre). Her treng vi
hjelp - det vil jo bli ein del
pengar av det etterkvart.
Vi treng og bud som kan hente
avisa på postkontoret og dela
ho ut i postkassane før folk
kjem heim frå arbeidet. Det ser
ut til at vi skal koma igang
denne veka.

2: Vi skal verve sjølve. Vi vil
forresten køyre fast eit møte
i veka for å oppsummere, leggja
nye planar.

3: Vi skal få andre til å verve.
DETTE TYDAR DYKK!

KK-ansvarleg.

Kvar er DITT
innlegg??

SOSIALISTISK BYGDELISTE??

(Jømfør melding frå parti-
leiinga 22/I-79)

Sidan nyttår har eit nytt
revisjonistisk parti(alternativ)
sett dagens lys her på plassen.Om
fødselen var trang er uvisst,men
som vi skal sjå er farskapen
temmelog tvilsam.

Korleis er argumentasjonen frå
partileiinga?

-"Vi må ha eit sosialistisk alt-
ernativ som kan fungere meir
samlande for alle progressive i
kommunen." -"...fordi vi treng ein
rakrygga talsmann,og få gjort noko
konkret med lokale saker" !!!

For å si med diktaren:"Når
utgangspunktet er som galest,blir
resultatet oftast originalt."

Kva bør så målsetjinga for
valet vere for oss revolusjonære?
Konsentrert kan vi seie at mål-
setjinga er:

-Propagandere/støtte/lede
arbeiderklassen sin kamp-avsløre
kommunestyret som reiskap for
borgarskapets diktatur.
Og i den noverande situasjonen når
vi denne målsetjinga best gjennom
å få valt inn ein revolusjonær i
kommunestyret.For å pressisere
målsetjinga:

-Partileiinga seier at det er
ei målsetjing å få inn ein
representant.

-Eg seier at for å oppnå mål-
setjinga må vi få inn ein repre-
sentant.

Eit godt kjenneteikn på
revisjonistane er at dei gjer
taktikken til alt,målet ingenting.

Eg meiner det er det partileiinga
har gjort,- det taktiske spørsmål
om å få inn ein representant har
blitt "alt",målsetjinga er skusla
bort!Og det er klart at med ei
målsetjing på å få inn ein repr-
esentant,vil det å leggja seg på
ei høgreline i taktikken vere
naturleg,det er nemleg det SV har
gjort i alle år.

DEN SOSIALISTISKE BYGDELISTA ER..
EIT REVISJONISTISK ALTERNATIV!!!!
Fordi hensikten med dette inn-
legget er å kastre ideen om ei
"sosialistisk bygdeliste" og peike
på at ei slik liste legitimerar
revisjonistane sin verksamheit,
vil eg ikkje kommentera framlegget.
frå partileiinga til plattform osv.,
og vil heller ikkje skissere
plattform for Raud Valallianse.
Dette er ting partiet gjer,når
ein berre først er einige om utgangs-
punktet-målsetjinga for valkampen,
men eg vil stille partileiinga
følgjande spørsmål(og venter svar):
1)Skal ei sos.bygdeliste i prop-
agandaen kjempe mot revisjonismen/
dei borgarlege arbeidarpartiane og
klårt definera dei som borgarlege
og reaksjonære?
2)Skal ei sos.bygdeliste propa-
gandere kommunestyrets(statens)
rolle-som administrator av borgarleg
diktatur?
3)Trur partileiinga at SV-leiinga
vil leggja ned valkampen til for-
del for ei bygdeliste med ein
revolusjonær på I.plass?
4)KOR meiner partileiinga at vi
står,hvis SV trekker seg frå

bygdelista og karakteriserar den som ein dekkorganisasjon for AKP?

5) Ser partileiinga det som ein fordel at folk sluttar å stemme SV-sjøl om alternativet skulle vera eit anna revisjonistisk parti?

Studer: Lenins: "Om valgtaktikk"

Røde Fane: Raud Val-
allianse, nr3/1977.

Revolusjonær helsing
Karsk.

NB!NB!NB!NB!NB!NB!NB!NB!NB!NB!

PREISERINGAR OM TAKTIKKEN
FOR KOMMUNEVALET.

1) Det er komen ein viktig inn-
vending mot lina for kommunevalet.
Det er i meldinga ikkje gjeve
klårt uttrykk for at MÅLSETJINGA
med å delta i kommunevalet
strategisk sett er å avsløre
kommunestyret som ein reiskap for
borgarskapet. Det er kritikkverdige
at dette ikkje er presisert, då
det gjev grunnlag for forvirring
og idear om at vi stiller til
val for å få gjennom avgjerande
forbetringar for folk.

2) Det er difor ikkje presisert at
ein avgjerande faktor for kvifor
partileiinga går mot å stilla
i forma RV er at vi vurderer
styrken vår til å vera for liten.

3) Meldinga frå partileiinga er
eit diskusjonsutkast og ikkje
eit endeleg vedtak for lina til
kommunevalet.

ifor: DISKUTER DET ÅPENT OG
KRITISK!

På oppdrag: Jens

MEN

HER

VAR

DET

VEL

DITT

INNLEGG

SKULLE

HA

STÅTT!

KVIFOR

ER

IKKJE

DET

KOMMET

MED?????



Undersøkingsskjema om studievevanane til folk.

Fyll ut skjemaet og lever det til styret i laget ditt som sender det vidare.

- Abonnerar du på Røde Fane?(Les du det?).....
.....
- Kva les du helst i Klassekampen?.....
.....
.....
- Framsteget:Leiaren-"underhaldning" eller "oppmoding til handling"?
Korleis ser du på han?.....
.....
.....
- Kva les du mest-romanar eller politisk teori?Kvifor?.....
.....
.....
.....
- Kva omme føler du mest behov for å studera meir?.....
.....
.....
- Fritt fram:.....
.....